

Fra: Ola Dahl Andersen (Ola.Dahl.Andersen@hfk.no)

Sendt: 09.03.2018 11:36:35

Til: 'martinus.fjeldstad@scandichotels.com'

Kopi:

Emne: Auka rekruttering til restaurant- og matfag

Vedlegg:

Hei

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har fått eit verbalforslag frå politikarane som lyder.

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytta til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheitar til å få seg lære plass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

I denne samanheng ønskjer me å samle ulike aktørar innan restaurant- og matfag til ei idémyldring og diskusjon for korleis me på best mogleg måte saman kan arbeide for dette.

Håpet er å samle personar får vidaregåande skular innan RM, leiarar og tilsette i ulike bedrifter innan dei aktuelle bransjane, opplæringskontor, prøvenemnder, bransjeorganisasjonar, laug og andre som brenn for faga sine innan restaurant- og matfaga. Sjå vedlagt liste for kven som er invitert. **Er det nokon i din organisasjon som bør delta, så er det fint om du vidaresender denne eposten. Vedlagt finn du ei oversikt over dei som er invitert no i første omgang.**

21. mars 2018

KI 0930 – 1430

Møterom Vestland – 1. etg. i fylkeshuset i Bergen

Bruk linken under for å melde deg på

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/AukaRekrutteringRestaurantMatfag/>

Som ein ser under, så går søkjertala ned også i 2018.

Søkjartal til Vg1 2018

| Utdanningsprogram | Plassar 2018 | Søkjarar 2018 | Søkjarar 2017 | Auke/Nedgang |
|----------------------|--------------|---------------|---------------|--------------|
| Restaurant og matfag | 132 | 136 | 152 | - 16 |

Søkjartal til Vg2 2018

| Utdanningsprogram | Plassar 2018 | Søkjarar 2018 | Søkjarar 2017 | Auke/Nedgang |
|-----------------------|--------------|---------------|---------------|--------------|
| Restaurant- og matfag | 126 | 95 | 102 | - 7 |

Samstundes ligg det i dag ute 159 ledige stillingar som kokk på finn.no

Håpar me treffes den 21. og at me saman kan finne på det som skal til for å sikre den rekrutteringa me treng til faga. Dersom du har spørsmål om noko angående dette, så bare ta kontakt med meg

Venleg helsing

Ola Dahl Andersen

Spesialrådgjevar

Opplæringsavdelinga | Fagopplæringskontoret avd Stord

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 53 40 20 40 | Mob: 452 97 061

www.hordaland.no